



Bo Arkitekter As  
Postboks 53 Fantoft  
5899 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/163 - 17/8842

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
17.03.2017

## Godkjenning av tiltaksplan - gbnr 188/757 Gjervik ytre

**Søknadstype:** Søknad om godkjenning av tiltaksplan jf Forskrift om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta) § 2-8.

I forbindelse med oppføring av ei bustablokk på eigedomen gbnr 188/757 er det sendt inn ei miljøgeologisk grunnundersøking.

### Tiltak

Det er totalt utfør fem sonderingar, to prøveserier og to piezometer på eigedomen. Føremålet har vore å undersøke om massane er forurensa over grenseverdiane, for vidare å kunne vurdere eventuelle tiltak i høve til grunnarbeider og disponering av masser på staden.

### Resultat av grunnundersøkingen

Det er påvist forureining i 2 av de 9 prøvepunktene, begge desse punktene ligg i den vestre delen av tomte og ligg innafor tiltaksklasse 2 (god) jf TA-2553/2009 Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn. For punkt 3 er det påvist konsentrasjon av krom, kobber, nikkell og sink, mens det i punkt 5 er det påvist konsentrasjon av arsen og sink.

### Normverdi

Etter Miljødirektoratets veileder TA-1629/99 Risikovurdering av forurenset grunn reiknast ikkje eit område som forureina når konsentrasjonen av funnet ligg under gjennomsnittet av 3 analyser, og ingen enkeltverdier overskrider normverdien med meir enn 50 %.

### Vurdering

Det er av ansvarleg føretak foretatt ei vurdering av prøveresultatet. Det vurderast som lite sannsynleg at området er forureina av andre massar enn de som fremgår av innsendte rapport.

Det er av ansvarleg føretak anbefalla tre tiltak for handtering av massane:

1. Det skal ikke forekomme forurensning i tiltaksområdet som kan være helseskadelig eller ha andre negative konsekvenser for brukerne av området.  
Alle løsmassene/forurensete løsmasser skal fjernes fra tiltaksområdet. Miljømål 1 vurderes da som oppfylt.
2. Det skal ikke forekomme spredning av forurensning fra tiltaksområdet slik at det har



miljøskadelige konsekvenser for omkringliggende områder eller nærmeste resipient (Osterfjorden).

Alle løsmassene/forurensede løsmasser skal fjernes fra tiltaksområdet. Fjerningen av løsmassene skal utføres som beskrevet i tiltaksplanen under. Miljømål 2 vurderes da som oppfylt

3. Grunnarbeidene skal utføres på en slik måte at håndtering og disponering av masser ikke har negative helse- eller miljøkonsekvenser.

Grunnarbeidene skal utføres som beskrevet i tiltaksplanen under. Miljømål 3 vil da være oppfylt.

### **Transport av forureina masser**

I tiltaksplanen skal det gå fram korleis de forurensede masser vert handtert på en miljømessig forsvarleg måte.

Redegjørelsen skal syne om massene leverast ved godkjent deponi eller behandlingsanlegg.

Mellomlagring av masser på eit anna område eller eigedom enn der tiltaket gjennomførast, krevje løyve etter forureiningslova frå Fylkesmannen.

Disponering av forureina masser på eigedomen er tillatt så lenge det innebærer at normverdi, bakgrunnsnivå eller akseptkriteriar for de ulike brukskategoriene ikkje er overskredet.

### **Sluttrapport**

Det skal utarbeidast ei sluttrapport jf § 2-9 i Forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta). I denne skal det ligg føre analyseresultat, dokumentasjon på levering av masser til godkjent deponi, rapport som redegjør kva arbeid som er gjort for å oppnå ønska miljøkvalitet i grunnen, og dokumentasjon på at dette nivået nå er oppnådd.

### **Leidningar i grunn**

Vi gjer merksem på at det må takast hensyn til leidningar og røyr i grunn. Alt arbeid som vert utført må ikkje føre til brudd på, eller slitasje som seinare kan føre til brudd på leidningar og røyr.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i Forskrift om begrensing av forureining(forureiningsforskrifta) § 2-6 vert innsendte tiltaksplan for gbnr 188/757 godkjent. Med heimel i Forskrift om begrensing av forureining(forureiningsforskrifta) § 2-5 vert det gjeve løyve til utføre terrengingrep, og disponering av massar til godkjent deponi.**

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta

Ingrid Bjørge Pedersen

avdelingsleiar

rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Bo Arkitekter AS	PB 53 Fantoft	5899	BERGEN
STOLTZ BOLIG AS	Damsgårdsveien 145	5160	LAKSEVÅG
Stoltz Entreprenør As	Damsgårdsveien 145	5160	LAKSEVÅG

**Mottakarar:**

Bo Arkitekter As	Postboks 53 Fantoft	5899	BERGEN
------------------	------------------------	------	--------